

Handsamingsgebyr i konsesjons- og delingssaker 2019 (uendra)

Med heimel i Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2 vert følgjande gebyrsatsar vedtekne for konsesjons- og delingssaker:

- a) 5000 kr for handsaming av søknader om konsesjon etter konsesjonslova §§ 2 og 3. Handsaming av søknader som gjeld konsesjon fordi eigaren ikkje skal oppfylle lovbestemt buplikt (slektskapskonsesjon), jamfør konsesjonslova § 5 andre og tredje ledd og § 9 fjerde ledd, er unnateke gebyr.
- b) 2000 kr for handsaming av søknader som gjeld deling, etter jordlova § 12, av areal og rettar til formål som bryt med kommuneplanens areal- og/eller samfunnsdel.
- c) 500 kr for handsaming av søknader som gjeld deling, etter jordlova § 12, av areal og rettar til formål som samsvarar med kommuneplanens arealdel eller fremjar mål fastsett i kommuneplanens samfunnsdel.